

---

Saknr: 2020/1929-10  
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		01.02.2020

Kommunesektorens Organisasjon KS inviterer til Toppmøte Barn og Unge 10. februar 2020

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval tek imot invitasjonen og ynskjer å delta i KS sin ungdomsmedverknadsprosess. VU sender fylgjande representantar til Toppmøte Barn og Unge i Oslo 10. februar:

.....  
.....

## Samandrag

Vestland ungdomsutval mottok i oktober 2019 invitasjon til å delta i KS ungdomsmedverknadsprosess. Saka vart lagt fram på første møte i Vestland ungdomsutval 29.11.2019. Leiar i VU vart valt til å representera Vestland ungdomsutval. Representantane frå dei nye fylka vart innlemma i arbeidsgruppa som skulle bistå KS i det vidare arbeidet.

KS sende ut invitasjon til alle ungdomsråd - både kommunale og fylkeskommunale, med oppmoding om å setje saman ein delegasjon frå kvart fylke. Då påmeldingfristen var sett til 10. januar, har VU allereie meldt ifrå om at utvalet kjem til å delta med åtte deltakarar som skal representera Vestland på Toppmøte Barn og Ungdom i Oslo 10. februar.

Bertil Søfteland  
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad  
utvalssekretær

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

For aller første gong arrangerer KS Toppmøte for Barn og Unge. Ei arbeidsgruppe samansett av ungdomar frå landets fylker og KS er godt i gang med å førebu toppmøtet måndag 10. februar. På toppmøtet skal ungdom, unge lokalpolitikarar, kommunedirektørar, ordførarar, organisasjonar og nasjonale styresmakter snakka saman om sentrale problem som er knytta til FNs bærekraftsmål for 2030. Dei unge skal delta i debatten, og difor har KS invitert medlemar av ungdomsråd fra alle landets fylker med inn i planleggingen av toppmøtet. Denne arbeidsgruppa får ei viktig rolle i gjennomføringen av møtet - og vil vera ei viktig stemme på Kommunalpolitisk Toppmøte (KPT) som vert arrangert dagen etter. Ein har motteke melding om at samlinga er fullteikna. 420 deltakarar har fått plass - av desse er 130 ungdomar.

### **Dei unge tek ansvar**

Ungdomsrepresentantene har sjølv ansvaret for å skaffe merksemd rundt toppmøtet. Det er laga filmar og eigne refleksjonsspørsmål knytta til dei tema som dei skal spre i sosiale media. I eige heimfylke har ungdomane også eit arbeid å gjera. Det må veljast ein delegasjon på ti ungdomar + koordinator frå kvart fylke. Delegasjonen skal på førehand jobba med KS sitt grunnlagsdokument «Mange bekker små» som skal samla ungdomane sitt syn og tankar rundt dei moglegheiter og utfordringar ein står overfor. På toppmøtet vil ungdomsarbeidsgruppa både innleia om tema, leia prosessar og utforma eit budskap til KPT.

Dette er første gangen KS har forsøkt å involvere ungdom på denne måten, og invitasjonen til Toppmøte Barn og Unge har vore send til postmottak i alle kommunar og fylkeskommunar. I tillegg til åtte representantar frå Vestland ungdomsutval og koordinator/utvalssekretær, vil også Bømlo delta med to kandidatar samt ungdomskoordinator, og Austevoll vil delta med ein ungdomsrepresentant. Dei åtte medlemane som skal delta i KS sin ungdomsmedverknadsprosess kjem i tillegg til leiar i VU som er innmeldt tidlegare. Fire av dei åtte representantane frå VU er også oppmoda om å vera prosessleiarar på samlinga. Vestland fylke skulle såleis vera godt representert på Toppmøte Barn og Unge 10. februar.

### Konklusjon

Vestland ungdomsutval deltek med åtte representantar i tillegg til tidlegare innmeldt medlem til arbeidsgruppa